



VEDTEKTER FOR TORGHANDEL I LOM KOMMUNE

§ 1.

Søknad om torgplass blir avgjort av administrasjonssjefen, eller den han/hun gjev mynde.

§ 2.

Torgplassen kan nyttast til torghandel i den utstrekning administrasjonssjefen bestemmer, og med hensyn til politiet sine lover/forskrifter om orden og trafikk.

§ 3.

Tilgang til torget har den som vil selje ville blomster og bær, produkter frå hage- og gartneri, landbruk, skogbruk og fiske, som er frihandelsvarer, når det ikkje strir mot helserådet/mattilsynet sine lover/forskrifter.

Kommunelege I får fullmakt til å vedta mellombels forbod.

Alle næringsmidlar som blir bode fram til sals utan å vera innpakka eller tildekka, skal plasserast i ei høgd minst 50 cm over bakken.

Det kan for einskilde høve gjevast løyve til sal av andre varer.

§ 4.

Torghandel kan gå føre seg mellom k. 10.00 og 18.00 på måndag – fredag, og mellom kl. 10.00 og 15.00 på laurdag.

Torghandel skal ikkje gå føre seg på høgtids- og helgedagar.

I særlege høve kan det gjevast dispensasjon.

Under særlege omstende kan politietaten forby torghandel på ein bestemt dag.

Dei handlande må ikkje møte meir enn ein halv time før den fastsette tid, og må forlate området seinest ein halv time etter.

§ 5.

Torghandlarane skal ordne sine utsal på den måte som kommunen og/eller politiet bestemmer og ta omsyn til dei påbod som blir gjeve. Den som ikkje rettar seg etter desse, kan visast burt frå torgplassen.

§ 6.

Torgplass kan leiast ut som dagplass, for stuttare tidsrom eller som faste sesongplassar.

Er tildelt plass ikkje teken i bruk seinast kl. 11.00, står kommunen fritt til å disponere plassen.

§ 7.

Blir det på grunn av plassmangel konkurranse om plassen, skal torghandlarane som utelukkande omset varer av eigen produksjon ha fortrinnsrett, så vel ved utleië av faste plassar som ved tildeling av plass for ein einskild gang.

§ 8.

I torgtida skal plassen rundt salsbodene holdast rein og ryddig. Seinast ein halv time etter at torgtida er ute, skal alle varer, så vel som alt som blir nytta ved torghandelen, være fjerna og plassen rydda. Blir ikkje dette fylgt, blir plassen rydda for leigetakar si rekning. I særskilde høve kan det etter søknad gjevast dispensasjon frå kravet om fjerning av salsbodene.

§ 9.

Personer under 16 år må ikkje utøve torghandel utan som hjelp for vaksne. Det blir gjort unntak for elevbedrifter.

§ 10.

Avgift for torghandel skal betalast på forskot.

Handlande som får tildelt sesongplass betaler ein månadleg avgift svarande til sesongen sin varigheit (påbegynt månad tilsvarar heil månad).

Andre brukarar av torget betaler ein avgift pr. dag.

Avgift for torghandel blir sett til kr.300 pr. dag. Behandlingsgebyr kr. 200. Avgiftene kan regulerast kvart år.

For leige over lengre tidsrom/sesongplassar blir leige fastset etter avtale med administrasjonssjefen.

Elevbedrifter betaler ikkje avgift og behandlingsgebyr.

§ 11.

Den som ynskjer å drive torghandel, er forplikta til å gje kommunen eller politiet dei naudsynte opplysningar om varen sitt opphav.

§ 12.

Brot på vedtektene vil føre til bortvising frå torgplassen, eventuelt nekta tilgang til torgplassen i ettertid for kortare eller lengre tid, nærare fastsett av administrasjonssjefen (formannskapet?).

§ 13.

Ved denne vedtekt blir vedtekter for torghandel i Lom kommune vedteke i sak 46/80 av 06.06.1980 oppheva.

Vedtektene trer i kraft 11.5.2004

Regulert 2011